

PRESSEMELDING

FIRST LEGO LEAGUE - NORDFJORDEID

Nordfjordeid, 09.11.2009

Stryn 9 vann årets First Lego League på Nordfjordeid!

Laurdag 7. november vart First Lego League arrangert for 3. gong i Sogn og Fjordane. Eid vidaregåande skule var arrangør, og etter ein heil dag med harde robotkampar, imponerende presentasjonar og energiske sceneshow stod laget "Stryn 9" igjen som vinnar av konkurransen! De representerar Sogn og Fjordane i den internasjonale finalen i Eskilstuna (Sverige) den 28. november!

Over 400 personar var samla i Operahuset Nordfjord på Eid for å få med seg årets utgåve av First Lego League. Dei blei alle mektig imponert over nivået ungdommane våre representerar både i programmering av robotar og i framføring av innovative tankar. Konkurranseninstinkt var i tillegg heilt på topp!

Deltakarane verka stornøgde med arrangementet, og innimellom nervøse og spente ansiktsuttrykk, var det enormt mykje glede og entusiasme. Mange nytta tida dei hadde til overs til å spionera på andre lag slik at dei skulle få eit fortrinn til neste års konkurranse.

Stryn 9 er godt i gang med å førebu si reise til Sverige, og gjer dei det like godt der som dei gjorde på her på Nordfjordeid, så kan det hende at fylket blir satt grundig på kartet.

Totalt vart det dela ut 7 prisar. Dei som vann dei ulike prisane var:

Innsiktsprisen (teoretisk presentasjon): The Gløpps (Gloppen)

Profileringsprisen (markering av laget): Stryn 9 (Stryn)

Samarbeidsprisen: Stryn LegoLovers (Stryn)

Teknologiprisen (teknisk presentasjon): Sju Smarte (Davik)

Robotkonkurransens 1. Pris: Sju Smarte (Davik)

Robotkonkurransens 2. Pris: Stryn 9 (Stryn)

First Lego League Champions: Stryn 9 (Stryn)

Lengst nede i dokumentet ser du bilde frå årets arrangement.

Generell informasjon:

FLL er ei verdsospennande teknologiturnering for barn og unge i alderen 10-16 år.

FLL er eit samarbeid mellom Lego og FIRST Skandinavia og blir arrangert for 10.

året på rad i 2009.

I september blei årets oppdrag delt ut til dei laga som har meldt seg på ifrå dei ulike skulane i Sogn og Fjordane. Samstundes fikk dei utdelt ei bane som ein legorobot skal bevege seg på og anna naudsynt utstyr. Deretter hadde laga 8 veker å arbeide på før finalen. Det er ein krevjande og lærerikt prosess, der deltakarane må samarbeide med både skulen, foreldre og lokalt næringsliv for å løyse oppdraget. Dei må sjølve lage ein plan og ordne finansiering/sponsing av laget sitt. Alt arbeidet skulle presenterast for frivillige dommarar frå næringslivet i Nordfjord på finaldagen den 7. november.

Oppdraget består av både ein teoretisk og ein praktisk del. På den teoretiske delen skal laga halde ein presentasjon om eit naturvitskapleg tema knytt opp mot lokalt næringsliv. I år er temaet ”**Smart Move**”. Her skal elevane førebu ein presentasjon om korleis vi kan effektivisere transport i framtida. Tryggare, meir miljøvennlig og mindre ressurskrevjande er stikkord. Dette arbeidet skal presenterast for eit dommarpanel på finaldagen.

Det praktiske oppdraget går ut på å programmere robotane sine til å utføre diverse oppdrag på eit robotbord. To og to lag konkurrerer side om side, og det laget som samlar flest poeng på 2,5 minutt, går vidare. Konkurransen blir vist på storskjerm, og resultata blir samanlikna i sanntid med andre turneringstadar sidan finalane er synkronisert over heile Skandinavia. Konkurransen er inndelt i innleiande rundar, kvartfinale, semifinal og finale. I pausane skal alle laga som ein del av konkurransen framføre sine sceneshow.

Eid vidaregåande skule v/Robotlaben

Robotlaben ser FLL som eit framifrå tilbod for å gje barn og ungdom eit positivt og kreativt syn på teknologi og lagarbeid. Gjennom prosjektperioden får deltakarane kjennskap til kor mykje spennande som finst i lokalt næringsliv her i Sogn og Fjordane, og forhåpentlegvis kan vi som arrangørar bidra til at elevar blir stimulert til vidare utdanning og kompetansebygging.

For nærmare informasjon:

Dersom det er ynskjeleg med meir informasjon, ta kontakt med underteikna eller sjå FLL si offisielle internettside: www.hjernekraft.org. Nedanfor finn du bildar frå årets arrangement på Nordfjordeid.

Men venleg helsing,

Mats Andersson
Prosjektleder FLL Nordfjordeid
Eid vidaregåande skule v/Robotlaben
Mobil: 41 53 08 17
e-post: mats@robotlaben.no

Vinnarlaget – Stryn 9



Bilde frå premieutdelinga



Robotkamp – To lag kjører mot kvarandre samtidig!



